

Hordaland Nei til EU årsmøte 15.mars 2019

Revisjonsmelding for rekneskap 2018

Som vald revisor for Hordaland Nei til EU har eg gått gjennom rekneskapen for perioden 01.01.2018 til 31.12.2018. Revisjonsarbeidet er gjort ut frå ferdig stilt rekneskap frå Frode Mannsåker med notar og bankutskrifter samt 201 førte bilag. Bankutbetalinger og ordning av bilag er gjort av styremedlem/kasserar Hildur Straume.

Rekneskapen viser positivt resultat for 2018 på Kr. 78 229,- .

Verdi-nedskrivning av NTEU historiebok er no fullført med 21 900,-.

Budsjett 2018 blei korrigert av styret grunna inntektsreduksjon og i tillegg tatt høgde for noko auka aktivitet.

Sidan inntektsreduksjonen totalt blei mindre og aktivitet samla ikkje så kostbar, så gav det solid overskot.

Eigenkapitalen er pr 31.12.2018 Kr. 758 959,- .

Styret har handsama og underskrive Resultat og Balanse. Det mangler 2 underskrifter. Dette er ikkje til hinder for revisjonsarbeidet, men det korrekte er at heile styret signerer rekneskapen.

Endring i rekneskapsprogram frå 2017 og avslutta avtale med firma for rekneskapsføring har spart Hordaland NTEU for betydeleg kostnad og gjort revisjonsarbeidet enklare.

Det aller meste av eigenkapitalen er plassert på høgrentekonto i Sparebanken Vest. Utan binding er dette av dei bedre rentevilkåra i markedet og veg opp for ein del betalingskostnader.

Revisor ser at det også er ein månadleg kostnad kr 120,- for «Abonnement nettbank bedrift». Styret bør vurdere om denne kostnaden er nødvendig.

Rekneskapen er ryddig ført, i tråd med god rekneskapskikk. Økonomiarbeidet i Hordaland Nei til EU er forsvarleg og i samsvar med organisasjonen sine mål og vedtak.

Revisor tilrår at årsmøtet Hordaland Nei til EU godkjenner rekneskapen for 2018.

Ulset 13/3-19



Frank Mo

revisor